

MØTEBOK

Tysnes kommune

Utval
KOMMUNESTYRET

Møtedato
16.12.10

Arkivsak : 10/1011 -
Arkivkode: 111

Sakshandsamar: Audun Hovland

Handsamingar:

Utval	Møtedato	Saksnummer
FORMANNSKAPET	30.11.10	PS 118/10
KOMMUNESTYRET	16.12.10	PS 63/10

EIGEDOMSSKATT 2011

SAKSUTGREIING:

Vedtaket om utskriving av eigedomsskatt må gjerast kvart år i samband med budsjetthandsaminga for det komande skatteåret, jf. eigedomsskattelova § 10.

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

I medhald av eigedomsskattelova §§ 3 og 4 vert det vidareført i 2011 utskriving av eigedomsskatt på alle faste eigedomar i heile Tysnes kommune.

Eigedomsskattesatsen for 2011 vert på 2 promille.

Det vert ikkje innført botnfrådrag for bustaddelen av eigedommar som ikkje vert nytta til næringsverksemd i 2011.

I medhald av eigedomsskatteloven § 7 bokstav b vert bygning som har historisk verdi fritaken for eigedomsskatt. Nyoppført bygning som heilt eller delvis vert brukt som bustad vert fritaken etter eigedomsskattelova § 7 bokstav c i 5 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Også tidlegare vedtekne fritak etter eigedomsskattelova § 7 bokstav a vert vidareførte.

Eigedomsskatten skal betalast i to terminar; april/mai og september/oktober.

Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter og retningsliner.

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ FORMANNSKAPET 30.11.10:

I samsvar med innstilling.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET 16.12.10:

I samsvar med framlegget frå formannskapet.